



Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/748 - 21/7607

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:
04.02.2021

Avvist krav om sakskostnader - gbnr 91/1 Brundtland

Vedtak:

Krav om sakskostnader datert 07.10.2020 vert avvist med heimel i fvl. § 36 tredje ledd, då krav om sakskostnader er sett fram etter frist og det ikkje er grunnlag for å gje oppreisning for oversitta frist etter fvl. § 31.

Alver kommune viser til utvida krav om sakskostnader datert 07.10.2020 på vedtak datert 11.02.2020 om grensejustering. Det er matrikkelføringa som er vedtaksdato. Saksnr 20/748.

Vurdering:

Vedtaksdato på grensejustering er 11.02.2020. Krav om sakskostnader er datert 07.10.2020.

Vilkåret for at ein part skal bli tilkjent sakskostnader er at vedtaket blir endra «*til gunst*» for vedkommende. Vidare må det vere snakk om «*vesentlege kostnader*» som har vore «*nødvendige*» for å få endra vedtaket, jf. fvl. § 36 fyrste ledd.

Vidare må kravet setjast fram seinast innan 3 veker etter melding om vedtak, jf. fvl. § 36 tredje ledd.

Krav om saksomkostninger er datert 07.10.2020 og er følgeleg sett fram for seint med tanke på gjeldande frist.

Kommunen kan gje oppreisning av oversitta frist dersom det er forhold som ligg til grunn for det, jf. fvl. § 36 tredje ledd, § 29 fjerde ledd og § 31.

Det er ikkje noko grunnlag for å gje oppreisning av frist. Det er i vurderinga lagt vekt på at krav kjem frå ein profesjonell part, på vegne av heimelshavar. I tillegg er det lagt vekt på omfanget av den oversitta av fristen, den lange tida det har gått. Kravet er sett fram rundt åtte månedar etter vedtaksdato.

Vi kan ikkje sjå at det er forsøkt å få forlenga frist før frist har gått ut, jf. fvl § 29 fjerde ledd.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vi kan heller ikkje sjå at det er særlege forhold som gjer at parten ikkje kan lastast for å ha oversitta frist, jf. Fvl. § 31. Krav om sakskostnader vert difor avvist.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harris Advokatfirma AS

Postboks 41 15 Sandviken 5835 BERGEN